

Intensjonsavtale mellom Vågå og Sel kommunar

Vedteke av kommunestyra i Sel og Vågå kommunar 1. og 2. februar 2016.

Til punkta nedanfor er det lagt inn tekst som ein ingress til forklaring for kva vi skal fylle inn.

1. Bakgrunn

Viktige kommunestyrevedtak – felles historie, status samhandling mellom kommunane og lokalsamfunna i dag og det at arbeidet vart initiert mellom Sel og Vågå før den statlege reforma kom. Prosess lokalt og nasjonalt.

2. Ei ny kommune

Kjernepunktet i intensjonsavtala. Grunngeving for at vi skal danne ei ny kommune; utfordringsbiletet, behov, moglegheiter – i ei overordna form.

Utviklingsperspektiv for at vi går for ein ny kommune. Ambisjon å strekke seg mot. Introdusere nye oppgåver.

Om motivasjon og tilpassing til befolkningsendringar, utfordringar med omsyn til rekruttering og økonomiske rammebetingelser mv....

Eksempel frå Nye Lindesnes: «Allerede i dag er det for noen fagområder vanskelig for kommunene å tiltrekke seg rett kompetanse og opprettholde tilstrekkelig kapasitet. I sammenslåings-prosessen vil ansatte være den desidert viktigste forutsetningen for en vellykket etablering av den nye kommunen. De ansatte skal ha trygghet for å beholde jobb. Fellesnemndas partssammensatte utvalg jobber videre med disse forhold.»

3. Kjenneteikn og mål for X kommune

Ta utgangspunkt i dei 4 måla for kommunereformen. Vise korleis den nye kommunen skal fylle desse måla med ambisjonar og innhald.

4. Kommunenamn og kommunevåpen

4.1 Kommunenamn

Namnet

4.2 Kommunevåpen

Kommunane har sine kommunevåpen i dag – kva ynskjer vi vidare?

5. Administrasjonsstad

I dag er Otta og Vågåmo administrasjonsstadane – kva vel kommunane i ein ny kommune?

6. Politisk organisering

Kommuneloven gjev reglar og minste krav til talet på medlemmar i Kommunestyret og formannskapet . Ein legg til grunn at formannskapsmodellen fortsatt skal gjelde for den nye kommunen. I tillegg må kommunane ta stilling til hovudutval og partssamansett utval.

I perioden frå det er gjort vedtak om etablering av ein ny kommune og fram til samanslåinga 1.1.2020 blir det etablert ei fellesnemnd. Nærare om fellesnemnda i pkt. 20.

7. Målform

Sel kommune er språknøytral. Vågå kommune har nynorsk som målform. Kva for målform skal den nye kommunen ha som administrasjonsspråk?

8. Kommunale tenester

Innbyggjarane skal i hovudsak fortsett få dekkja sine behov for grunnleggjande kommunale kjernetenester nær der dei bur.

8.1 Administrative funksjonar

Stabsfunksjoner innan økonomi, personal, politisk sekretariat og servicetorg, IKT samt rådmannsleiing. Kvar skal dei bli utført og oppgåvene løyst?

8.2 Helse, pleie og omsorg

Korleis vi innrettar desse tenestene og tildeling av dei. Kva som inngår i avgrensinga helse, pleie og omsorg.

8.3 Oppvekst

Korleis vi innrettar barnehagar, skular, SFO og tildeling av plassar mv.

8.4 Kultur

Kva som skal inngå i kulturområdet og korleis vi innrettar dette.

8.5 Tekniske tenester

Kva som skal inngå i tekniske tenester og korleis vi innrettar desse.

9. Nye og utvida eksisterande oppgåver

Jf forventning til staten – utdjuping av ambisjonar reist i pkt 2.

10. Plan, strategi og næring

10.1 Samferdsel og infrastruktur

Samferdsel - breibandutbygging - IKT mv

10.2 Kommunesenter – tettstad

Definering av funksjonar mv – jf også pkt 8.1.

10.3 Bustadar og fritidsbustadar

Område for bustadutbygging og bygging av fritidsbustadar.

10.4 Næringsareal

Næringsareal – område der det ligg til rette for næringsutvikling. Reiseliv.

11. Større innovasjon – og utviklingsprosjekt

De viktigaste investeringsprosjekta for ein ny kommune i den fyrste fasa i fem til ti årsperspektiv – formålsbygg, infrastruktur – å vise ambisjon. Større prosjekt enn det som allereie ligg i kommunane sine økonomiplanar kvar for seg.

12. Kommuneøkonomi

Generelt – jf status per 2015, høring om endringar, inndelingstilskot mv. – det som ligg som føring frå Stortinget at vi får i ei overgangsperiode. Kva vi kan forvente. Synleggjere gevinsten ved å vidareføre inntektsmodellen per 2016 målt opp mot varsla endringar.

12.1 Eigedomsskatt

Sel og Vågå har vedtatt ulike takseringsmetodar for eigedomsskatt. Både kommunane har skreve ut eigedomsskatt i heile kommunen, men i Vågå er bustadar taksert medan det i Sel er formueverdien ved likninga som er lagt til grunn som takstgrunnlag. Kommunane må for den nye kommunen ta stilling til kva for takseringsprinsipp som skal gjelde, og tilpasse arbeidet til dette.

12.2 Kraftinntekter

Er dette noko kommunane ønskjer å sikre seg med omsyn til? «Særeige»

12.3 Kommunale fonds og legatar

Bunde fond – skal dei fortsatt nyttast innan den gamle kommunegrensa, statuttar?

13. Interkommunale samarbeid, interkommunale selskap og regionalt samarbeid

Kva slags samarbeid er omfatta og kva slags endringar vil ein ny kommune føre med seg. Jf. og pkt 6 i Vågå kommunestyre sitt vedtak 24.11.15.

Interkommunale samarbeid og regionalt(e) samarbeid må det også bli teke stilling til når det er avklart korleis dei andre kommunane innrettar seg med omsyn til kommuneinndeling. Det vil bli nye, juridiske partar.

14. Tilsette

Virksomhetsoverdragelse – formalia. Kjørereglar i prosessen i høve AML.

15. Utmarksrettar

Jakt, fiske, kva vil kommunane at evt skal nedfellast i avtala? Fortrinn Nasjonalparkane representerar.

16. Klima og miljø

*Miljøarbeid og klimaarbeid – forvaltning av naturressursar mv.
Beredskap.*

17. Kyrkja

Er dette noko som kommunane ønskjer å meine noko om i ei slik avtale?

18. Vennskapskommunar

I Bosnia, i Sverige og Finland? Skal vi fortsatt ha det?

19. Årlege arrangement

Sel og Vågå kommunar støttar kvar for seg oppunder større årlege arrangement i kommunane. Kva skal vidareførast?

20. Fellesnemnd

Samansetning, oppgåver, funksjonstid mv.

21. Etableringstidspunkt for den nye kommunen

01.01.2020.

Vågåmo/Otta, dato

Iselin Jonassen
Ordfører Vågå kommune

Dag-Erik Pryhn
Ordfører Sel kommune